



LINDÅS KOMMUNE

Til Lindås kommune
v/ Astrid Sylta

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
13. 02. 2015	
Ark. saksnr. 15/SS4	Lid.no.
Saksnr.	Tilgangskode

14.01.2015

Svar på høyringsbrev - Forslag til endring i barnehageloven og tilhøyrande forskrifter

Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage vil med dette gi innspel på høyringsbrevet vedkomande forslag til endringar i barnehagelova.

Samarbeidsutvalet ønskjer å gi innspel til § 18 Bemanning må være tilstrekkelig til at personalet kan drive ein tilfredsstillande pedagogisk verksemd.

I forslaget er regjeringa villig til å presisere kravet til dokumentasjon og vurdering ved å endre §2 i barnehagelova. Samstundes har høyringa til endring i barnehageloven ikkje med noko krav til minimumsbemanning. Barnehagane får stadig høgare kvalitetskrav, samstundes som tilsette pr barn vert redusert i budsjetta.

Vi ser og at opningstidene er lengre, det blir fleire småbarn og fleire fleirspråklige. Vi meiner det er nødvendig å lovfeste ei bemanningsnorm fordi vi ser at fleire kommunar kutter i barnehagebudsjetta. Denne utviklinga har auka etter at barnehagemidlane gjekk frå å vere øyremerka til å bli ein del av kommunen si totale ramme.

Døme på bemanning:

Barnehagen sine opningstider har auka og samstundes ser vi ofte at antal barn på avdelingane aukar. Dette gjer vaksentettleiken lågare. Figuren under syner at berre ein liten del av dagen er alle tilsette til stades på jobb.

Døme viser bemanninga på ei avdeling med 14 barn(28 plassar) og 4 tilsette.

<input type="checkbox"/>	Ikkje tilstades
<input checked="" type="checkbox"/>	Tilstades
<input type="checkbox"/>	Pause eller ubunden tid (planlegging)

Arbeidstid.	07.00	08.00	09.00	10.00	11.00	12.00	13.00	14.00	15.00	16.00	17.00
Pedagog 07.00-13.45	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Assistent 1 7.30-15.00	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Assistent 2 8.30-16.00	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Førskulelærer 10.00- 17.00	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>

Barnehagen er open 10 timar kvar dag. Personalet arbeider 7,5 timer. Alt pedagogisk personale har 4 timer planleggingstid kvar veke. Dømet ovanfor viser at ei avdeling berre har 4 vaksne i deler av dagen. Som her vist frå kl. 10 – 11 og frå 13.00-13.45. Dvs. 1 ¾ timer. I dette tidsrommet skal ein og avvikle interne og eksterne møter mm. Som figuren viser er det og deler av dagen då ein berre er 1 tilsett tilstades på avdelinga.

Med lengre opningstid og auka barnetal vert vaksentettleiken redusert og det vert mindre tid til å sjå og gi omsorg til det einskilde barnet. På småbarnsavdelingane er dette viktig t.d. då dei minste ikkje alltid kan uttrykke seg sjølve og personalet difor må ha tett kontakt med den



einskilde for å sjå behova. Å sjå det einskilde barnet og ha tid til omsorg og samhandling er og spesielt viktig i ein fase av livet der forskning viser at tilknytning er ein viktig del av utviklinga.

Samstundes som aldersnivået på småbarnsavdelingane har gått ned har vi og ein auka andel minoritetsspråklege barn. Dette utløyser inga ekstra ressurs, men rammeplanen er tydeleg i krava:

Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver krev blant anna at barnehagen skal syte for å

- integrere barnet i det sosiale og kulturelle fellesskapet
- støtte barnet si heilskaplege utvikling basert på eigne føresetnadar
- støtte dobbel kulturtilhørigheit
- skape eit språkstimulerande miljø
- støtte at barnet bruker sitt morsmål
- arbeide aktivt med å fremje barnet si norskspråklige kompetanse

Fakta: (artikkel Udir 15.9.14)

I 2013 gjekk 37 894 minoritetsspråklege barn i norsk barnehage. Det er 12 % av alle barnehagebarn, og er ein auke frå året før.

77 % av alle minoritetsspråklege barn mellom 1 og 5 år går i barnehage. Til samanlikning går 90 % av alle barn i Norge mellom 1 og 5 år i barnehage.

Kort sagt er konsekvensen av auka barnetal på avdelingane

-lågare vaksenttleik som gir dårlegare grunnlag for kvalitet.

Samstundes som ein aukar barnetalet og vaksenttleiken vert redusert, har

- aldersnivået på småbarnsavdelingane gått ned
- andelen minoritetsspråklege gått opp
- krava til barnehagens innhald auka
- barnehagen si opningstid auka.

Ved og å vise til St.m 24 « Framtidas barnehage» , kap.6 Bemanning og barnegruppa, som seier:
Kravet til bemanning sees i samanheng med utvalet sitt forslag om ein betre norm for den pedagogiske bemanninga enn i dag, som til saman sikrar minst 50% pedagogar i barnehagen.
Forslaget er begrunna med forskning og bemanningstradisjonar i Noreg.

Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage meiner difor at krav om minimumsbemanning i barnehagen, jf. NOU 2012 « Til barnas beste», bør vere ein del av ny barnehagelov. Å lovfeste kor mange vaksne og kor mange barnehagelærarar det skal være i barnehagen, sikrar barna meir kvalitetstid i barnehagen.

Med helsing

Samarbeidsutvalet i Juvikstølen barnehage

v/leiar Sølvi Storsæter Bjørgum